

## Venstres kandidatar i Kviteseid



**1. Tor Arne Mælen (33)**

*Næringsdrivande, Vrådal*

Brenn for å betre samarbeidet mellom ulike aktørar i kommunen for å auke næringsaktivitet og busetting.  
*tor.arne.melen@mdias.no*



**2. Jon Ingebretsen (70)**

*Aktiv pensjonist, Vrådal*

Brenn for natur, miljø og friluftsliv  
*jo-i@online.no*



**3. Eli Taugbøl (37)**

*Næringsdrivande, Morgedal*

Brenn for m.a. Kulturskulen  
*eli.gullsmed@gmail.com*

**4. Gøriid Botner Kanstad (41)**

*Psykolog, Kviteseid*

Brenn for barn og familiar  
*gorildbk@hotmail.com*

**5. Vidar Hansen**

*Vrådal*

**6. Aud Eli Undheim**

*Kviteseid*

**7. Birger Skipar**

*Vrådal*

**8. Målfrid Ommedal**

*Brunkeberg*

**9. Olav Kjetil Bang, Morgedal**

**10. Randi Enger Bråthen, Vrådal**

**11. Jan Gunnar Haugen, Kviteseid**

**12. Hild Jorkjen, Kviteseid**

**13. Emil Fillingsnes, Vrådal**

**14. Dag Feldborg, Vrådal**

**15. Gunnvor Mandt, Vrådal**

**16. Jakob Olimstad, Kviteseid**

*Vi i Kviteseid Venstre vil vera ansvarlege politikarar, som gjennom openheit og samarbeid bidreg til dei beste løysingane for folk flest.*

*Når politiske beslutningar skal takast vil vi etterstrebe samsvar mellom folks ynsker, faglege vurderingar og politiske skjøn.*

[www.kviteseid.venstre.no](http://www.kviteseid.venstre.no)



venstre

Foto:

# Kviteseid Venstre



«Menneska er viktigare enn systemet.»



venstre

Del meiningar med oss på Facebook: Val 2011 Kviteseid Venstre

# Sosialt og liberalt

Venstre er Noregs sosialliberale parti.

Venstre er Noregs eldste parti, stifta i 1884.

Venstre fekk til viktige reformer som folkestyret, religionsfridom, juryordninga og allmen stemmerett.

- Vår politikk sameiner personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Sosialliberalismen finn løysingane i balansen mellom fridom og fellesskap, politisk styring og ein fri marknad, individet og staten og mellom by og land.
- Venstre er eit sentrumsparti ubunde av sosiale klasser og særinteresser, og eit nytenkjande parti med vilje til analyse og reformer
- Venstres visjon er eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der folk har fridom til å skape sin eigen veg til det gode liv, og der vi tek ansvar for kvarandre og miljøet.
- Vi legg særleg vekt på 4 politiske hovudområde:
- Skule, -kunnskap og like moglegheiter
- Næring, -eit kreativt og verdiskapande Noreg
- Velferd, -varm velferd når du treng det
- Miljø, -eit klimavenleg samfunn

Kviteseid Venstre går inn i den lokale valkampen med pågangsmot og eit ope sinn. Utfordringa i Kviteseid er, som i mange små kommuner, å snu flyttetrenden. Her er nokre av våre hjartesaker:

## Kommunestruktur

- I Kviteseid Venstre er vi opptekne av at folk får dei tenestene dei treng. Derfor vil vi etterspørje ei utgreiing av ulike kommunestrukturar for framtida, og vere opne i ei vurdering om kva for struktur som framover kan ivareta best mogleg tenestetilbod til folk der dei bur.

## Bu- og driveplikt

- Kviteseid Venstre meiner (i motsetnad til Venstre sentralt) at bu- og driveplikt på landbrukseigedommar er viktig både for busetnad og for å sikre ei god forvaltning. Vi trur at odel og prisregulering er større hinder for at "tomme bruk" kjem på sal.

## Fagmiljø familieomsorg

- Kviteseid Venstre vil vidareutvikle samarbeidet mellom Øvre Telemark familiekontor, Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark, PP-tenesta og den interkommunale psykologtenesta som eit regionalt knutepunkt for arbeid med barn og familiar. Målet er å få alle funksjonane under same tak.

Fleire av våre hjartesaker finn du på Facebook:

- **Val 2011 Kviteseid Venstre**

## Kunnskap og like moglegheiter

For elevane er læraren den viktigaste kjelda til kunnskap og danning i skulen. Læraren må prioriterast. Tverrfagleg samarbeid må nyttast til å skape ein trygg og mobbefri skulekvardag for alle. Alle elevar skal få undervisning tilpassa sitt behov

### Kviteseid Venstre vil:

- Behalde og vidareutvikle dei tre oppvekst- og skulesentra vi har: Brunkeberg, Straumsnes og Kviteseid

## Eit kreativt og verdiskapande Kviteseid

Kviteseid er eit område med høg buattraktivitet, med flott natur, nærleik til sentrale byar/tettstader og transport. Eit godt utgangspunkt for å drive næring innan mange felt.

### Kviteseid Venstre vil:

- Jobbe for at kommunen står fram som positiv og hjelpsam når det gjeld bedriftsetableringar og næringsutvikling i heile kommunen og utanfor kommunegrensene.

## Varm velferd når du treng det

Vi meiner at tenestene, så langt det er mogleg, må tilpassast individet og ikkje omvendt. Variasjonen blant eldre og andre som treng hjelp er like stor som i befolkninga elles.

### Kviteseid Venstre vil:

- Fokusere på førebygging.
- Fokusere på tverrfagleg samarbeid og oppfølging av ungdom og vaksne som slit med t.d. rus og/eller psykiske problem.
- Jobbe for at kommunen er godt førebudd og tenkjer langsiktig angående Samhandlingsreforma

## Miljø og klima

Naturen er vår viktigaste ressurs. Naturen skal nyttast, men vi må alltid tenkje på naturen som ein arv vi forvaltar for etterkomarane våre, og leggje dette til grunn for våre avgjerder.

### Kviteseid Venstre vil:

- Jobbe for halde på klare og heilskaplege føringar innen plan- og arealpolitikken.
- Jobbe for at den vedtekne miljø-, energi- og klimaplanen blir bruka aktivt som eit politisk og administrativt styringsverktøy.

